

Naturvernforbundet i Hordaland
Postboks 1201 Sentrum
5807 Bergen
hordaland@naturvernforbundet.no

Vår dato: 13.05.2011

Høyringsfråsegn til søknad om bygging av Aldal kraftverk / nytt Frøland kraftverk

Innleiing

BKK Produksjon AS søker om konsesjon for å byggja Aldal kraftverk og nytt Frøland kraftverk med tilknytning til det regionale straumnett. Planane inneheld tre alternative utbyggingsprosjekt.

Alternativ 1 vil nytte fallet frå Grønsdalsvatnet til sjøen og hente vatn frå sidevassdraga Aldalselva og Kvernelva. Dette alternativet inneber at Frøland kraftverk vert lagt ned og ombygd til eit småkraftverk, og Myra kraftverk vert lagt ned. Alternativ 2 vil nytte fallet frå Grønsdalsvatnet til Frølandsvatnet. Også her vil noverande Frøland og Myra kraftverk lagt ned.

Alternativ 3 er ei oppgradering av noverande Frøland kraftverk. BKK har på folkemøte i Samnange kommune 14. april signalisert at dette alternativ i røynda ikkje er interessant for dei, og me vil difor sjå bort frå alternativet i det følgjande. Dette alternativet vil imidlertid medføra svært avgrensa inngrep, og Naturvernforbundet i Hordaland har ingen innseiingar mot ein eventuell konsesjon etter alternativ 3. Det ligg føre ei konsekvensutgreiing for naturmiljø, biologisk mangfald og naturverninteresser frå Rådgivende Biologer i samarbeid med Multiconsult. Det ligg også føre konsekvensutgreiinga om marine tilhøve og om fisk og ferskvasstilhøve frå Rådgivende Biologer.

Då me er kjend med andre høyringsfråsegner som ser nærare på andre vesentlege moment ved ei eventuell utbygging – blant anna friluftsiinteresser – vil Naturvernforbundet i Hordaland i det følgjande primært peika på omsyn til biologisk mangfald, både på land og i fjorden. Her vil me innleiingsvis framheva at alternativ 1 i konsekvensutgreiingane kjem dårlegare ut enn alternativ 2 på dei aller fleste punkt; noko som også vert stadfesta av konserndirektør Wenche Teigland i lesarbrev til lokalavisa Samningen (12. mai d.å). Dette framgår vidare av konsekvensutgreiinga om biologisk mangfald, der det heiter:

Alternativ 1: Nytt Aldal kraftverk, vil ha størst negativ virkning for naturmiljø og biologisk mangfald samlet sett, særleg knyttet til ny kraftlinje og massedeponier. Massedeponiet ved Haukaneset vil komme i konflikt med en registrert naturtype. Av de ulike kraftlinjealternativene vil alternrnativ 2 ha størst negativ virkning, særleg for naturtyper da denne vil fragmentere gråor-heggeskogen ved Tveit.

Etter vår oppfatting må dette vega tungt når konsesjonssøknaden skal handsamast: alternativ 2 fører til langt mindre omgrep i eit område som allereie er prega av regulering, alternativ 1 fører til større inngrep.

Marin påverknad

Eit anna vesentleg moment i vurderinga av dei tre alternativa er at utelukkande alternativ 1 (aldalsalternativet) vil medføra direkte utslepp frå kraftverket til Samnangerfjorden. I driftsfasen vil dette gje verknad på fysiske tilhøve i Samnangerfjorden, og dermed på biologiske tilhøve. Utslepp

frå Aldal kraftverk til fjorden vil flytta omlag halvparten av dagens ferskvasstilførsle frå Tysseelva til Aldalen; og vil dessutan endra utløpet frå eit naturleg utløp i Tysseelva til eit dykka utslepp i Aldalen. Etter vår vurdering går ikkje konsekvensutgreiinga i høve marine tilhøve tilstrekkeleg inn på kva konsekvensar dette kan ha, og den baserer seg også i nokre høve på reine gisningar. Me deler også Samnanger Jegar- og Fiskarlag si vurdering av at det i konsekvensutgreiinga manglar vurdering i høve fleire fiskeslag som lever i Samnangerfjorden. Her meiner me at eit minstekrav før evt. konsesjon må vera eit grundigare utgreiingsarbeid av dei marine konsekvensane.

Følgjande moment som er påpeikt i utgreiinga er likevel verdt å framheva:

- auka straumfart i vatnet frå Aldal og vestover forbi Haukanes.
- endra istilhøve i fjorden kalde vintrar, med ei ny – og vesentleg større - «hovudråk» frå Aldal og ut fjorden, istadenfor dagens råk frå Tysse.
- auka algeblomstring i fjorden, grunna «upwelling» av næringssalt
- tilhøve for gytande fisk

I høve sistnemnde moment vil me framheva at det er eit gyteområde for fisk i Aldal – ved det planlagte utsleppet. Det er blant anna stadbunden kysttorsk som gyter her. Eit ferskvassutslepp vil i følgje utgreiinga kunna påverka både gyteatferd og transport og spreiding av egg, og vidare at det er «høyst usikkert» kva for tyding området har for gyting av lokale fiskebestandar. Ifølgje rapporten kan det tenkjast «at reduksjon i kvalitet av ett gyteområde ikke nødvendigvis fører til en tilsvarende reduksjon i den totale rekruttering i området». Det motsette kan naturlegvis også tenkjast, og dei potensielle konsekvensane for fiskebestandar i Samnangerfjorden må takast med i vurderinga. Her bør tvilen etter vårt syn utvilsamt koma naturverdiane til gode.

Strandsona ved Aldal er hardbotnfjøre, som ikkje er ein prioritert naturtype. Det er imidlertid vesentleg å framheva at det i området er bestand av raudlistearten sukkertare, samt førekomstar av ålegras i øvre delar av sublitoralen.

Naturvernforbundet i Hordaland vil framheva at ålegrasenger er ein raudlista vegetasjonstype og ein prioritert naturtype, som også er vesentleg for biologisk mangfald. Som påpeikt på nettsidene kystsona.no – drifta av Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Kommunal- og regionaldepartementet og Havforskningsinstituttet er det ofte «en spesiell flora og fauna knyttet til ålegras», med «flere arter fastsittende lager som utelukkende vokser på ålegras, fastsittende dyr som bare finnes her og også noen arter av mobilfauna [som kun er] funnet tilknyttet ålegras». Undersøkingar langs Skagerrakkysten viser at «ålegrasenger er meget artsrike», og dei er vurdert som «viktige i en biodiversitetssammenheng». Likevel er dei aktuelle ålegrasengene berre vurdert som «lokalt viktige» i konsekvensutgreiinga, og ein kjem i lita grad inn på moglege konsekvensar for desse. I driftsfasen kan imidlertid såkalla «upwelling» frå djupvassutslepp gje eutrofiering, som er eit trugsmål mot denne naturtypen.

I literalsona er det også registrert store førekomstar av høvringtang, som er ein raudlistearart med status som nær trua, og som har hatt nedgang i tal på lokalitetar i Noreg dei siste hundre åra. Det er grunn til å anta at utbygging av Aldal kraftverk også vil påverka denne arten negativt. Det er summen av nettopp denne typen inngrep som kan verta eit problem for høvringtang.

Biologisk mangfald elles

Ei utbygging av Aldal kraftverk vil påverka både Aldalselva og Samnangervassdraget, medan eit nytt kraftverk på Frøland utelukkande vil ha verknad på sistnemnde vassdrag – som allereie er regulert, og har vore det i lang tid. Ved utbygging av alternativ 1 vil *både* vassdraga frå redusert vassføring, noko som vil påverka flora og fauna langs elvene. Alternativ 2 vil ikkje påverka

Aldalselva og vil heller ikkje påverka vassføringa i Tysseelva vesentleg.

Aldalsalternativet vil ifølgje konsekvensutgreiinga om biologisk mangfald kunna påverka gråorheggeskogen på austsida av Aldalselva negativt, spesielt nederst mot elva. Kraftlinebygging kan også påverka denne naturtypen på Tveit, og vil dessutan kunna påverka raudlisteartane kvitryggsprett, gråspett og dvergspett negativt. Det er også verd å understreka at raudlistearten alm finst spreidd langs både Kvernelva og Aldalselva, raudlisteartane storlom og makrellterne er bae registrert ved utløpet av Aldalselva, og at det er hekkeplassar for fossefall i både Kvernelva, Aldalselva og Storelva – særleg hekkeplassane ved dei to fyrste elvene kan verta negativt påverka – eller gå tapt – som resultat av ei utbygging av alternativ 1.

Vidare er det er to kjende reirlokaltetar for hønsehauk aust for Aldalselva. Sjølv om det i konsekvensutgreiinga vert sagt at «det ikkje er *venta* (vår utheving) vesentlege negative konsekvensar» for hønsehauken og omtalt som «lite truleg» at dei andre registrerte raudlisteartane i område vert vesentleg negativt påverka av ei utbygging, bør omsyn til desse artane vega tungt, og ei føre var-haldning bør leggjast til grunn.

Raudlistearten kystmarikåpe er registrert ved utløpet av Tysseelva, og kan i våre auge også verta påverka av endra miljø ved redusert vassføring.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Hordaland vil i sin konklusjon peika på at det her er tre omsøkte alternativ, der eitt av alternativa openbert medfører større inngrep enn dei andre, og der den auka energimengda og samfunnsøkonomiske nytta i våre auge ikkje godtgjer eit val av alternativ 1 – utbygging av Aldalselva.

Her er det også verd å nemna at eksisterande fiskeriinteresser – med vesentleg samfunnsøkonomisk tyding (det vart teke 250 tonn makrell i Samnangerfjorden i 2009) – har nytta låssettingsplassar utanfor Aldal. Det framstår på ingen som tydeleg at ei utbygging av Aldalselva vil vera meir samfunnsøkonomisk lønsam enn eit nytt kraftverk på Frøland; sjølv om lønsemda vil vera større for BKK.

Alternativ 1 vil «snu Samnangerfjorden på hovudet», og vil kunna påverka både gyteområde for fisk, ålegrasenger og raudlisteartar negativt. Straumtilhøva i fjorden vil også endra seg, blant anna med endra isleggingsmønster som konsekvens – noko som går utover eksisterande friluftinteresser av stor tyding for mange samningar. Vidare vil alternativ 1 gje sterkt redusert vassføring i Aldalselva, eit svært synleg naturinngrep med konsekvensar for artsmangfald i området; og alternativet vil også gje redusert vassføring i Tysseelva. Verken alternativ 2 og alternativ 3 – det såkalla nullalternativet – vil gje tilsvarende inngrep.

Sjølv om Naturvernforbundet i Hordaland vil framheva viktigheita av energiøkonomisering og energieffektivisering ser me verdien av auka produksjon av fornybar kraft i Samnanger kommune.

Me har difor ingen større innvendingar mot alternativ 2 – nytt Frøland kraftverk. Samanlikna med dette alternativet, som kombinerer auka kraftproduksjon og positive samfunnsøkonomiske konsekvensar kjem alternativ 1 dårleg ut, grunna konsekvensar for natur, fritidsfiske og anna friluftsliv og også trong for nye kraftliner som vil verta oppfatta som eit negativt naturinngrep lokalt, og som dessutan kan ha negativ verknad for lokalt biologisk mangfald, inklusiv raudlista fugleartar. Me vil difor på det sterkaste frårå at konsesjon for alternativ 1 vert innvilga.

Mvh

Oddvar Skre
fungerande leiar

Øyvind Strømmen
styremedlem